

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 3/2009

Møtedato: 28.1.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Søknad om tilskot frå Grunneigarfondet

Frå Statskog har fjellstyret fått oversendt ein søknad om støtte frå grunneigarfondet.

Grunneigarinntektene i statsallmenningane går inn i eit grunneigarfond. Fjellstyra får 50 % av inntektene frå feste til hytter og hotell. Resten av inntektene skal m.a. brukast til fellesorganisasjon for fjellstyra og tiltak i statsallmenningane. Statskog administrerer bruken av grunneigarfondet. Statskog sitt styre har vedteke retningsliner for tildeling av tilskot og tiltaka kan delast i tre hovudgrupper:

- 1.Utvikle til lønnsame næringsverksemder, vidareutvikle eksisterande arbeidsplassar.
2. Infrastruktur som indirekte bidrar til utvikling av lønnsame arbeidsplassar
- 3.Tiltak som fører til verdiskaping eller bevaring av verdiar for samfunnet, f.eks. kulturminnevern.

Vaset Panorama AS v/Olav Brenna Hansen søker om tilskot til 400 meters trekk til nybegynnalar og fleirbruk (kjelke, sykkel). Kostnadane ved anlegget er på kr 1.700.000. Det blir søkt om kr 400.000 i tilskot frå grunneigarfondet.

Vedtak:

Fjellstyret ser positivt på tiltaket og tilrår at søkeren får tilskot frå grunneigarfondet.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 30.1.09

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog